

Handlingsplan for Høgskulen i Volda

Revidert etter styremøte 16.06.22



AMBISJONAR FOR STRATEGIPERIODEN 2022–2029

Dette er Høgskulen i Volda i 2030:

1. Utdanningane våre stimulerer til kritisk tenking, kreativitet og samarbeid, og vi legg til rette for livslang læring for eit arbeidsliv i stadig endring.
2. Vi arbeider for ei berekraftig framtid i tråd med FN sine berekraftsmål og tek klima- og miljøomsyn i alle delar av verksemda.
3. Vi har doktorgrad innanfor lærarutdanningane og ein felles doktorgrad i helse- og sosialfag i samarbeid med Høgskolen i Molde.
4. Vi er nasjonalt leiande på studentengasjement og studentmedverknad og har eit av dei beste student- og læringsmiljøa i landet.
5. Vi styrker og utviklar utdanningane våre gjennom tverrfagleg samarbeid i utdanning og arbeidsliv.
6. Vi har ein sterk kultur for forskning og utviklingsarbeid og er leiande nasjonalt innanfor utvalde forskingsfelt.
7. Vi er ein internasjonalt orientert høgskule og nyttar internasjonalisering for å styrke kvaliteten i utdanning og forskning.
8. Vi er tett på behova i samfunnet og er førsteval i regionen når det gjeld etter- og vidareutdanning og samarbeid om forskning og utvikling, på våre fagområde.
9. Vi har eit attraktivt høgskuleområde med læringsarenaer og møteplassar som fremjar innovasjon, digital kompetanse og samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet.
10. Vi er kjende for å ha eit godt arbeidsmiljø, og det er attraktivt og meningsfullt å arbeide ved HVO.

STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDE 2022–2025



STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDE 2022–2025

1. HVO skal ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet

Vi vil prioritere:

- a) studentmedverknad i utvikling av høgskulen og å skape eit mangfaldig og inkluderande læringsmiljø.
 - i. Utvikle samarbeidsformer som sikrar reell studentmedverknad i alle delar av verksemda.
 - ii. Arbeide med å vidareutvikle kvalitetsutvala, med fokus på prosess, analyse og studentinvolvering.
 - iii. Arbeide for at utdanningane våre har eit inkluderande og mangfaldig læringsmiljø.
- b) å engasjere og utfordre studentane gjennom studentaktive arbeidsmåtar, forskingsbasert undervisning og internasjonalisering.
 - i. Vidareutvikle delings- og utviklingskulturen knytt til undervisning, studentaktive arbeidsmåtar og tverrfagleg samarbeid.
 - ii. Ta i bruk ny læringsteknologi og vidareutvikle høgskulepedagogiske kurstilbod og læringsverkstaden.
 - iii. Vidareutvikle og styrke relevansen til dei internasjonale partneravtalane våre.
- c) å integrere berekraftsperspektiv i utdanningane våre.
 - i. Studentane skal utvikle kunnskap, kompetanse og ferdigheiter som gjer dei i stand til å møte framtidens utfordringar.
- d) at studentar og tilsette skal utvikle relevant digital kompetanse¹.

¹ Med relevant digital kompetanse meiner vi at studentane skal utvikle yrkestilpassa digital kompetanse, og tilsette skal både ha utdanningsfagleg og yrkestilpassa digital kompetanse. Jamfør definisjonar i «Strategi for digital omstilling i universitets- og høyskolesektoren 2021–2025»

- i. Ta i bruk aktuelle sektorløysingar for å sikre kvalitet og effektivitet i fag og administrasjon.
 - ii. Ta i bruk ny læringsteknologi og vidareutvikle høgskulepedagogiske kurstilbod og læringsverkstaden.
 - iii. Utvikle kritisk tilnærming til yrkesretta digital kompetanse
- e) å utvikle eit attraktivt høgskuleområde som legg til rette for samhandling og kreativitet.
- i. Gjennomføre campusutviklingsplanane for å styrke utdanning og forskning
 - ii. Skape og delta på fleire arenaer for samhandling med arbeidslivet.
 - iii. Utnytte potensialet i nye læringsareal.
- f) å sikre langsiktig rekruttering og fagkompetanse.
- i. Utarbeide ein langsiktig plan for rekruttering og utvikling av kompetanse.
 - ii. Jobbe systematisk med arbeidsmiljø for å vere ein attraktiv arbeidsplass.
 - iii. Marknadsføre styrkane til HVO som studiestad, institusjon og arbeidsplass.
 - iv. Styrke den nynorske profilen til høgskulen.

STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDE 2022–2025

2. HVO skal heve ambisjonane innanfor lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga

Vi vil prioritere å:

- a) etablere ein ph.d. som gjer oss sjølvakkrediterande på lærarutdanningane.
 - i. Utvikle eit fagleg innhald som tek i vare målet om å bli sjølvakkrediterande på lærarutdanningane.
 - ii. Utarbeide langsiktig kompetanseplan for ph.d.-en.
- b) etablere master i barnevernsarbeid og vidareutvikle ph.d. i helse- og sosialfag.
 - i. Utarbeide langsiktig kompetanseplan for fagmiljøet.
- c) oppnå status som Senter for framifrå utdanning innanfor mediefaga.
 - i. Utarbeide langsiktig kompetanseplan for SFU-en.
- d) utvikle etter- og vidareutdanningstilbod av høg kvalitet innanfor dei nemnde fagområda.
 - i. Utarbeide ein HVO plan for satsing på etter- og vidareutdanning, særleg på masternivå.

STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDE 2022–2025

3. HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt

Vi vil prioritere:

- a) utvalde forskingsmiljø som har potensial til å verte leiande nasjonalt og hevde seg internasjonalt, og som er strategisk viktige for høgskulen.
 - i. Styrke og spisse våre interne støtteordningar.
- b) å etablere fleire forskingsamarbeid med andre institusjonar nasjonalt og internasjonalt.
 - i. Legge til rette for at våre tilsette kan ha utanlandsopphald og for å ta i mot gjesteforskarar
 - ii. Rekruttere nasjonale og internasjonale II-arar.
 - iii. Tildeling av midlar til forskingsgruppene bør fremje internasjonale samarbeid.
- c) å arbeide for ein sterk kultur for forskning og utviklingsarbeid gjennom kompetansebygging, mentorering og kvalitetsorientering.
 - i. Arbeide for ein sterk kultur for både forskning, kunstnarleg og anna utviklingsarbeid med vekt på samarbeid og deling på tvers av fagmiljøa.
 - ii. Vurdere støtteordningane for forskingsaktivitet i eit strategisk perspektiv.
 - iii. Utvikle forskingsgruppene for å styrke dei som ein arena for samarbeid, publisering og formidling.
 - iv. Vidareutvikle rammer for første- og toppkompetanseløp gjennom rettleiing og tilrettelegging.

STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDE 2022–2025

4. HVO skal vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen

Vi vil prioritere å:

- a) utvide og vidareutvikle utdannings-, innovasjons- og forskingssamarbeid særleg med partnarar i det regionale arbeids- og kulturlivet.
 - i. Prioritere arbeidet med å identifisere og synleggjere aktuelle samarbeidspartar i praksisfelt og arbeidsliv.
 - ii. Samarbeida skal særleg legge vekt på berekraftsperspektiv.

- b) bidra til å realisere Norsk innovasjonssenter for å skape engasjerande og relevante møteplassar med arbeidslivet i regionen.
 - i. Arbeide for å strukturere og konkretisere høgskulen sin aktivitet i senteret.

- c) ha utvalde satsingar der vi tek eit særleg ansvar for å møte regionale behov.
 - i. Velje satsingar som styrkar arbeidslivsrelevansen.
 - ii. Syne fram, framsnakke og vidareutvikle etablerte samarbeid, og utvikle nye.